

INFORMASJON

Kyrkjebladet for VAKSDAL

74. ÅRG. / NR. 4 - 2020

God jul!



Julegudstenestene

Side 5

Jarle og Karin-Johanne

Side 6-7

For borna

Side 8-11

www.kyrkja.no/vaksdal

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL**Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3, 5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Ekspedisjonstid: Tys.og ons. kl. 11-14**Kyrkjevevje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold**

Mobil 97 69 75 62 / E-post: br233@kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Mobil 90 84 06 24 / E-post: eb447@kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen

og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

Trusopplærar Kristin Straume Audestad

Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no

Organist Ruben S. Gjertsen

Mobil: 92 45 20 98 / E-post: rg794@kyrkja.no

Organist Anton Proskurnin

Mobil: 48 23 29 77 / E-post: ap244@kyrkja.no

Vaktmeister Ottar Dalseid

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

GATEADRESSER:**Bergsdalen kyrkje:** Bergsdalsvegen 1065**Dale kyrkje:** Kyrkjegata 1**Eidsland kapell:** Eidslandsvegen 2014**Eksingedalen kyrkje:** Sördalsvegen 10**Nesheim kyrkje:** Nesheimsvegen 31**Stamnes kyrkje:** Grupevegen 19**Vaksdal kyrkje:** Vaksdalsgarden 34


Døype barnet
- eller bli døypt sjølv?
Ver velkomen
til dåp!
Ta gjerne kontakt
med oss.

DEN NORSKE KYRKJA
Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Bilete på framsida: Jesus i krybba.

**Stoff til neste nr. må
vera kome inn til
1. mars 2021.**



Snart er jula her igjen!

Men kva type jul vert det, får me besøke våre nære og kjære? Vert det julegudsteneste dette året? Kan me reisa te byn på julehandel? Kva med alle adventskonsertar og julekonsertar? Ja dette året har me mykje å venta på. So kanskje det er meir passande enn nokon gong at me er på veg inn i adventstida.

Denne ventetida, som kjem kvart år, og so veldig raskt forsvinn i mjølføyken som står rundt deg etter at 4 åringen har klart å riva 2 kg mjøl ned på golvet. Denne tida som raskt vert gløymt fordi kakemenn og julebrus har vore å få kjøpa sidan medio september. Sjøkksejarane med adventslys og jolelys, står der side om side på butikken. Butikkane lar ikkje jula vente på seg.

Men i 2020 har me verkeleg venta. Me har venta på at livet skal verta normalt igjen (kva no det eigentleg er). Merkedagar, festar og samkomer har vorte utsett over ein lav sko. For dei av oss som likar å få med oss ein konsert eller to i løpet av året, har det ikkje vore mykje kjekt. Ikkje har me fått gå på stadion å sjå at Brann tapar fotballkampar heller. Det er mogleg at det vert mykje mindre av dei vanlege førjulsaktivitetane også. Julebord, shopping, og konsertar er avlyst.

Det som er heilt sikker, er at jula kjem til oss dette året også. Denne fantastiske høgtida for store og små. Kyrkjeklokkene vil ringe jula inn dette året også. Julebodskapen om barnet som vart født i ein stall i Betlehem, vil verta fortalt om og om igjen. På tross av alt det som er usikkert i verda rundt oss, har me dette faste haldepunktet.

So la oss bruke denne jula til å ta ekstra godt vare på kvarandre. Plukk opp telefonen å ring nokon du ikkje har snakke med på ei stund. Ta vare på dei du har rundt deg.

Riktig god jol til dykk alle!

Bjart-Magnus N Rosvold, Kyrkjevevje

Leiar i Vaksdal kyrkjelege fellesråd:

Lars Patterson, tlf. 91 88 78 25

e-post: lars.patterson@vetlejord.com

Leiarar i sokneråda:

Bergsdalen: Lise-Lotte D. Småbrekke, tlf. 91 34 03 64

Dale: Brith Kydland, tlf. 48 13 06 64

Eksingedalen: Bjørg Lavik, tlf. 95 14 37 76

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim, tlf. 93 05 46 36

Stamnes: Bjørn Stamnesfet, tlf. 41 41 33 51

Vaksdal: Grete Loftheim Dale, tlf. 99 26 81 28

Den norske kyrkja si heimeside:

www.kyrkja.no

Bjørgvin bispedømme si heimeside:

www.kyrkja.no/bjorgvin

Bibelen på nett: www.bibel.no**KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:

Kyrkjevevja i Vaksdal

Grafisk utforming:

VaksdalPosten

Kasserar:


Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Bodoni AS, avd. Hardanger,

Øystese. Tlf. 46 63 09 33

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam



Kva har du glede i?

Det er viktig å finna kjelda til livsglede. Den kan finnast mange plasser. Eg finn livsglede i kyrkja, når kyrkelyden er samla og i alle dei gode medarbeidarane. Så finn eg glede i nokre hobbyar. Eg spelar trompet i Voss storband. Så følgjer eg med på fotball. Eg heiar på Brann og på Leeds United. Det gir ikkje alltid same glede, men det er interessant.

For eit par år sidan var eg med på eit leiarkurs. Eit av tema var verdiar, og me skulle setje opp ti ting som var viktige i liva våre. Deretter skulle me rangera dei. Dei sju nedste på rangstigen vart ikkje så nøyaktig plasserte, men når eg nærma meg toppen, måtte eg skjerpa meg. Ikkje minst når eg skulle finna førsteplassen. Når me var ferdige med listene våre skulle me venda oss til ein av deltakarane og drøfta rangeringa. Eg delte lister med ein leiar frå Kongsberggruppa. Me hadde mange av dei same verdiane på listene våre. Så delte me førsteplassen og der hadde me det same; familien. Me var samde om at av alt som var viktig i liva våre var familien det viktigaste.

I møte med juleevangeliet kan me spørja kva Gud har glede i. Englane forkynner det på Betlehemsmarkene; Fred på jorda blant menneske som Gud har glede i.

Gud har glede i heile sitt skaparverk og i skaparverket har menneske ein heilt spesiell posisjon. Gud viste dette så tydeleg og konkret då han sjølv kom til oss menneske og vart ein av oss. Menneske hadde så stor plass i Guds hjarte at han ville vera i lag med oss som eit menneske. Så viktig er vi for Gud. Han kom for å inkludera oss i fellesskapet med seg.

Mange tenkjer at Gud er så langt borte frå oss. Me kan aldri nå dit Gud er. Men juleevangeliet seier noko anna. Me treng ikkje nå dit Gud er, for Gud har kome til oss. Gud er der som eit nyfødd barn i stallen. Gjetarane skulle få sjå eit teikn: Eit barn som er sveipt og ligg i ei krybbe. Då gjetarane vende attende til flokken sin lova og prisa dei Gud for alt dei hadde sett og høyr. Dei hadde høyr at Gud har si glede i dei. Dei hadde sett det så klårt og konkret. No var hjarta deira fylt av lovsong. Gud hadde si glede i dei og dei hadde si glede i Gud.

I jula kan me også stemma i lovsongen til Gud med alle dei fine julesalmane. Dei fortel kva som hende, at Gud har glede i oss og vil vera med oss alle dagar. Han viste det så konkret.

Så til dine verdiar og kva du har di glede i. Kan hende du kjenner som eg at familien er der det viktigaste av alt som er viktig i livet ditt. Då har me eit godt høve i jula, med juleevangeliet som føredøme, til å visa våre kjære tydeleg og konkret kor viktige dei er for oss.

Med ynskje om ei velsigna god advents- og juletid!

*Venleg helsing
Arild Hellesøy*

Prost i Hardanger og Voss prosti



Foto: Avis Hordaland

Min salme

Anders Magne Tolås Wendel vart i sist nr av Kyrkjebladet utfordra til å skrive om sin salme:

Gud har bruk for deg!

Det plingar til i telefonen, og eg undrar kven det er som søkjer kontakt...? -Det er sjølvaste kyrkjeveerget i Vaksdal kyrkjelyd som kallar på oppmerksomheten.

Bjart-Magnus Ndogo Rosvold og eg gjekk på ungdomsskulen på Dale ilag, men mange år har passert.

Eg får spørsmålet om å skriva om min salme i kyrkjebladet, og eg tok med glede imot utfordringa.

Men då eg sette meg for å velje, så var det ikkje så lett! Det er så mange fantastisk salmar som betyr så mykje for meg: høgtidsalmar, songar frå bedehuset och barnesongar som har følgt med meg under livet. Etter 11 år som prest i Sverige så har eg fått ytterligare ein songskatt som fyller på kartoteket.

Sjølv om det var vanskelig å velja, så var det ein salme som stod fram mellom dei andre.

Ein salme som for meg handlar om mitt behov av Gud og Guds kraft som blir fullenda i min veikskap. (2 Kor 12:9)

Eg har hatt ein kristen oppvekst, både i heimen og bedehuset/kyrkja. Det har vore leir på Fager-tun, konfirmasjonstid, møte og konferansar.

Eg har gått på Frekhaug folkehøgskule og Bibelskulen i Staffeldtsgate i Oslo innan eg gjennomførte 6,5 års presteutdanning. Etter det har eg hatt glede å arbeida som prest i 15 år! Det er så mange mennesker som har gjeve mig omsorg och visa på Guds kjærleik. Eg er evig takksam til dei alle!

Likevel kjenner eg framleis at eg står på rute nummer eitt! Eg er framleis avhengig av Guds nærvær i mitt liv. Frå han utgår mitt liv og det er han som skal ha ära for alt! (Matt 6:33)

Svein Ellingsen formulerar ein tekst som på unikt set ord på det fantastiska som Gud kan bruka deg til om du rekker han dine hender:

Norsk Salmebok nr. 678.

T: Svein Ellingsen 1975

M: Tronde H F Kverno 1975

Vi rekker våre hender frem som tomme skåler. Kom til oss Gud, og gi oss liv fra kilder utenfor oss selv.

Alt godt, til vårt og andres vel, er dine gaver. I svakhet fremmer du ditt verk, vår bare kvist skal skyte knopp!

Vi løfter våre hender opp i bønn for verden. La dem som lider, finne vern mot kalle hjerters is og sne!

Lå våre hendes nakne tre få blomst og blader. La våre liv få bære frukt til legedom for andres sår.

Vi venter, etter smertens vår, din nådes sommer. Og sorg og glede blir til vekst med frukt vi ikke selv kan se.

Din nådes skaperverk skal skje i tomme hender. O Gud, all godhets giver: Kom, ta bolig i vår fattigdom!

Denne salmen har nummer 678 i den nye salmeboka og du finn den under temaet Kjærleik og teneste. Eg får elska min neste, for at Gud har elska meg först. For meg så har dette alltid vore ein nattverdssalme, der evangeliet blir så konkret!

Eg rekker fram handa mig og får ta imot Jesus Kristus min frälsare og ven i bröd og vin. Hans kropp og blod utgjeve for meg. I kärleik sende Gud sin einaste Son hit til jorda for at kvar den som trur på han ikkje skall gå fortapt men ha evigt liv.

Gud har bruk for dig, men glöym ikkje at du også har bruk for Gud!

Eg önsker å senda salmestafetten vidare til min elskade mamma, Erna Tolås. Ho har gjennom livet vore ein av mine sterke forbilder i trua. Takk for att vi får dela trua med kvarandre!



Gudstenester i advents- og juletida

Når dette nr. av Kyrkjebladet går i trykken er det framleis mykje usikkert rundt koronasituasjonen. Til dømes gjeld dette og om me i det heile kan ha gudstenester i kyrkjene i jula - og kor mange menneske som kan vere samla.

Advent:

Det blir ikkje lysmesser i Stamnes kyrkje og Vaksdal kyrkje. Avgjersle om lysmesse i Dale kyrkje blir teke etter at Kyrkjebladet har gått i trykken. Avgjersle om lysmesser i dei andre stadene vert og teke seinare.

Jul:

På Stamnes og Vaksdal er det sett opp ei ekstra gudsteneste julaften, for å kunne sleppe inn flest mogleg menneske denne dagen. På Dale er det frå før to gudstenester julaften, og på Nesheim har me vald å halde fast på den eine som brukar å vere der. Det kan bli aktuelt med **påmelding** til desse gudstenestene. Korleis det skal gjerast vil variere mellom kyrkjene.

Informasjon om desse gudstenestene vil bli kunngjort

- på heimesida til kyrkjene i Vaksdal (sjå adressa på framsida)
- på Facebook-sida til kyrkjene i Vaksdal
- i lokalavisene
- på plakatar

Tid og stad for julegudstenester og andre gudstenester:

Sjå baksida av Kyrkjebladet.

Konsertar i adventstida

Grunna korona-situasjonen vert det færre konsertar i kyrkjene i Vaksdal enn vanleg i advents- og juletida.

Desse konsertane vert arrangerte med atterhald om at gjeldande smittevernreglar tillet det.

Laurdag 28. november kl. 16.00 i Dale kyrkje:
Orgelkonsert med Ruben Gjertsen spelar.

Laurdag 12. desember kl. 18.00 i Dale kyrkje:
Adventskonsert. Dale Mannskor deltek.

Avgrensa tal på plassar. For reservering av plassar til konserten: Send ein e-post til rg794@kyrkja.no, eller send SMS/ring til 92 45 20 98 (Ruben Gjertsen) tidlegast 9. desember.

Det er gratis inngang på alle konsertane, kollekt til kyrkjemusikalsk arbeid ved utgangen.

Ein digital adventskonsert blir lagt ut i løpet av adventstida på heimesida vår: www.kyrkja.no/vaksdal



DEN NORSKE KYRKJA

Sletting frå medlemsregisteret

I dag er 104.000 udøpte born under 15 år og 14.000 udøpte unge mellom 15 og 18 år registrert som tilhøyrande i Den norske kyrkja. Borna vert sletta frå medlemsregisteret frå og med 1. januar 2021. Dei som har fått brev om dette sjølv om barnet/ungdommen er døypt kan kontakte kyrkja sentralt på www.kyrkja.no eller Kyrkjekontoret for Vaksdal.

Føresette til born som ikkje er døypte som ynskjer informasjon om konfirmasjon og andre tilbod til born og unge, må melde frå om dette på www.kyrkja.no/minside. Born som er døypte får allereie denne informasjonen, då dei er medlemmer av kyrkja.

Sokneråda 100 år!

Sokneråda i Den norske kyrkja vart oppretta ved lov av 3. des. 1920. Soknerådet som folkevald forvaltningsorgan vart oppretta ved utskiljing frå by- og heradsstyra/kommunestyra. Sokneråda si oppgave var styringa av det indre kyrkjelydslivet, og det som var av teologisk karakter. Kommunane beheldt ansvaret for personal- og økonomistyring, og for byggdrift og gravplassforvaltning fram til dette vart utskilt i 1997 ved opprettinga av kyrkjelege fellesråd. Vaksdal har seks sokn og såleis seks sokneråd, men frå fire til åtte valde medlemmar og ein prest.

(Kjelde: Wikipedia m. fl.)

Annonse



«Det kan faktisk gå bra»

Ei ny diktsamling av **Kristin Straume**

kan kjøpast via nettsida

berrekristin.selz.com

eller hjå lokale forhandlarar

frå tidleg i desember.



(Foto: Privat)

I trua finn dei fred, tryggleik og glede

Slik konfirmantarbeidet i Vaksdal er lagt opp er det naudsynt med mange medarbeidarar. Prestane har konfirmantarbeidet som ein del av jobben, sokneråda bidreg mykje, og eit korp med såkalla frivillig medarbeidarar må og til.

Jarle (75) og Karin-Johanne Berge Rosvold (snart 75) har vore med i dette arbeidet i 11 og 10 år, som gruppeleiarar. Nett no har dei ein pause grunna korona-pandemien.

Konfirmantar

- Det har vore både utfordrande og fint å vere med i dette arbeidet. Det har vore fint å kunne snakke meir fritt om trua mi enn eg kunne i skulen, seier Karin-Johanne.

Nokre konfirmantar byrjar med manglande motivasjon, har Jarle lagt merke til.

- Då er det fint å sjå korleis dei «tinar opp» og vert meir og meir med i det som skjer. Og til dømes vågar å vere med når me bed høgt i gruppa.

- Me har vore med i konfirmantarbeid før og, seier dei. - Då Magne Steinnes var prest her hadde me konfirmantgrupper heime, med ulike tema me gjekk igjennom. Me var og med i ein klubb for gitar som Turid Steinnes dreiv i «Moseshuset». Då me flytta til Dæmring var me ei tid med i søndagsskulen på Straume. Og Karin-Johanne var leiar i Speida-

ren og Yngres då ho var yngre og budde på Dale.

Jarle og Karin-Johanne møttest då begge gjekk på møter i Storsalen i Oslo. Dei gifte seg, og flytta vestover att. Fyrst var dei to år i Molde, der Jarle arbeidde i Det Norske Misjonsselskap. Så flytte dei til Karin-Johanne sin barndomsheim i Holhovden på Dale. Dei siste 36 åra har dei budd på Dæmring. Hausten 1980 fekk Jarle jobb som elektroingenør på Vaksdal Mølle, og var der fram til år 2000, då elektroavdelinga blei nedlagt.

Jarle om trua

Jarle fortel at han vaks opp i ein kristen heim på Haugland i det som då var Os kommune, men at han kom bort frå barnetrua i tenårsalderen. Etter realskulen reiste han ein tur til sjøs. Etterpå hadde han nokre småjobbar, fram til han reiste til Gøteborg hausten 1964 og fekk utdanning som elektroingenør. Etter utdanninga arbeidde han i Oslo, men flytta seinare heimatt og fekk jobb på Nesttun. Og han fortel gjerne om sin veg heimatt til trua:

- På den tida byrja eg å lesa i Bibelen, for sjølv å finna ut om det var noko i dette med kristendomen. Då blei eg veldig fasinert av den Jesus eg las om i Det nye testamentet. Eg fekk eit heilt nytt bilete av han. Han var skikkeleg radikal, fann eg ut. Særleg i måten han svara for seg i møte med dei som klaga han: Farisarane og dei skriftlærde. Og eg byrja å tru at det som stod i NT var ei sann historie, og at Jesus verkeleg stod opp att 1.påskedag og viste seg for læresveinane.

- Samstundes byrja eg òg å lesa diverse oppbyggjelege bøker som me hadde heime. Det var då eg las i ei av desse, og bad ei frelsesbøn, at eg fekk ei heilt spesiell oppleving av glede og fred. Og eg trur at det var då eg blei fødd på nytt, som det står om i Johanne-sevangeliet kapittel 3.

Karin-Johanne om trua

Karin-Johanne fortel at i barn-domsheimen hennar bad dei bordbøn og kveldsbøn, og at ho tidleg lærte kor viktig det var med tilgjeving. Som lita gjekk ho på søndagsskulen, og har gode minner frå den tida.

- Trua hadde eg med meg og ho har betydd mykje for meg. Men eg vart meir open og frimodig i trua då eg var i 20-årsalderen. Då tok eg eit val om å fylgje Jesus, og fekk då ein indre fred og tryggleik.

Karin-Johanne er varamedlem i Stamnes sokneråd, og har tidlegare arbeid på prestekontoret på Dale. Der byrja ho i 1981, og arbeidde i tre år der i perioden fram til 1986. Så var ho vikarlærer i kommunen før ho fekk fast stilling på Eidsland skule i 1990.

Kristent Fellesskap

Jarle er ikkje medlem i Den norske kyrkja, men i Kristent Fellesskap på Osterøy.

- Saman med nokre andre her i kommunen begynte me å reisa litt til Bergen, bl.a. i Kristent Fellesskap. Etterkvart kom det òg folk frå dei opp til oss her og var med på husmøte. Dette likte me godt, og me synest me fekk god vegleing og god undervisning. Og det enda med at me melde oss inn der hos dei i Bergen.

Seinare blei det skilt ut og plan-ta ein kyrkjelyd på Osterøy, som det då blei naturleg for oss å slut-ta oss til. Og slik er det framleis



Måleri: Framme ser me frå venstre Bjart-Magnus og Knut-Erlend, og Margot-Helene sitt mellom foreldra. Biletet er frå 1986. (Foto: Privat)

for min del, reint organisatorisk og kyrkjelydsmessig.

Karin-Johanne er framleis medlem i Den norske kyrkja.

- Me har nok hatt nokre venskaplege diskusjonar om mellom anna dåpssyn, men me er vel blitt einige om å vera ueinige om enkelte ting her. Men begge meiner at hovudsaka er om ein person har tatt imot Jesus som sin Herre og Frelsar, og lever dagleg tett med Jesus i bøn og bibellesing. Og begge kan gå på møter i ulike samanheng, og ha utbyte av det - enten det er på bedehuset, i kyrkja eller i frikyrkjesamanheng.

Bøn

Jarle var i mange år primus motor bak samlingane kalla «Non-stop bøn» i Dale Bedehus.

- Det at me kunne samlast slik - kristne frå alle "leirar" - og be for og med kvarandre, var både stort og inspirerande, og personleg fekk eg ny tru og kveik for Guds sak her i bygda vår. No har me ikkje hatt Non-stop bøn på Dale Bedehus sidan februar i 2019. Me har ikkje slutta å be! Men akkurat Non-stop-opplegget treng kanskje ei ny form eller noko for å koma skikkeleg i gong att?

Måling

Jarle driv med oljemaling, og har gjort det sidan han var gutunge. Det går mest i naturalisme, men han målar og litt non-figurativt.

- Då eg var 14 byrja eg med oljemåling. For det meste er eg sjølvlært, men hatt nokre kurs. Å måle hjelper meg å kople av. Det har blitt mindre måling dei siste åra, men eg tenkjer på å ta det oppatt no.

Borna

Jarle og Karin-Johanne har tre born, og to av dei jobbar no i Den norske kyrkja. Bjart-Magnus er kyrkjevevjer i Vaksdal, og Margot-Helene er nyttilsett som diakon i Odda.

Tredje mann, Knut-Erlend, har i mange år vore knytt til Ungdom i Oppdrag. Han og familien budde i mange år i Aserbajdsjan, Der dreiv han med sosialt entreprenørskap, og har eiga bedrift innan solcelleutvikling. No bur

dei i Kaupanger. I 2002-03 var han sivilarbeidar i kyrkjelydane i Vaksdal.

Advent og jul

No går det mot advent og jul. Korleis er det med tradisjonar og planar for høgtida?

- I adventstida tenner me lysa i adventskransen. Og julaftan må me ha røykt pinnekjøtt! Med kálrabistappe, grøn erterstuing, vørterøl og brus. Julaftan har me som tradisjon å gå i Dale kyrkje, sjølv etter at me flytta til Dæmring. Den er litt seinare på dagen enn på Stamnes, og Jarle rakk då å kome heim frå jobb. Men i år er planen å vere i Kaupanger saman med borna og deira familiar.

Intervju/tekst:
Frode Kvamsoe



Måleri: Eit av måleria til Jarle (Foto: Privat)



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegen i Vaksdal. Det er sjølv sagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg *Vegen i Vaksdal* på Facebook! 

Mykje har blitt utsett og avlyst i haust, blant anna pga. smittevernomsyn. Utdeling av fireårsbok og Nytestamentet, segltur med tolvåringar, leir på Fagertun er døme på ting me skulle arrangert i haust, som ikkje har blitt gjennomført. Noko av dette satsar me på å få gjennomført i løpet av neste år, og noko går nok dessverre ut. Det er berre å beklaga, men lite å gjera med. Me håpar 2021 bringer med seg både vaksine mot korona og nye moglegheiter til å møtast trygt saman!

Babysong, lunsjtreff og småbornssong på Dale og Vaksdal

I haust klarte me to rundar med songsamlingar i Dale bedehus før me måtte avlysa pga. aukande koronasmitte i nærområdet. Me tok omsyn til smittevern med til dømes å ha påmelding og faste grupper, med å ha kvar si matte med minst ein meters avstand mellom, og med handsprit og desinfeksjon. Eit av høgdepunkta under samlingane pleier å vera såpeboblesongen, då alle får utdelt såpebobler og bles over sitt born. Dette var umogleg i desse tider, men

me løyste det med å kjøpa ei lita såpeboblemaskin som fylte salen med såpebobler heilt utan at nokon blei svimle av all blåsinga! Det var fint å møte små og store, og veldig kjekt med både nye og kjende fjes! Vonar me kan «ta oss opp att» ikkje så lenge etter jul. Elles ligg det framleis digitale samlingar ute i gruppa «Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal» på Facebook.



Konfirmantane




Konfirmantåret 2020-2021 kom litt seint i gong, men no er konfirmantane presenterte, og har allereie delteke på fleire aktivitetar. Her er bilete frå konfirmantpresentasjon på Dale, og Alpha-samling på Vaksdal.



Kva skjer på VEGEN framover?

Babysong, lunsjtreff og småbornssong på Dale og Vaksdal

Me satsar på nye songsamlingar etter jul, men ser litt an datoar etter kvart. Sannsynleg vekedag for songsamlingar framover er TYSDAGAR og ikkje torsdagar slik me hadde før. Følg med på facebook-sida «Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal» for oppdatert informasjon om samlingane, som alle er leia av trusopplærar Kristin Straume Audestad.



Baby- og småbornssong på Stamnes

Me håpar det vert samlingar med kombinert baby- og småbornssong for born 0-5 år på Stamnes etter jul. Me samlast i bedehuskjellaren mellom kl. 10 og 12 ein måndag i månaden, datoar vert annonsert seinare, til dømes på facebook-sida «Vegen i Vaksdal».

Lys Vaken og utdeling av NT

13. til 14. februar er det Lys Vaken i Dale kyrkje, for alle born i kommunen som fyller elleve år dette året. Her har ein ulike spennande aktivitetar, et pizza og overnattar i kyrkja til søndagen, då ein deltek i gudstenesta før det er heimreis. Dette pleier å vera veldig kjekt for dei som er med! Det vert òg utdeling av Nytestamentet under gudstenesta.

Knøttesong på Dale og Vaksdal

Me held fram med knøttesong for born 2-5 år på Dale og Vaksdal, tysdag ettermiddagar klokka 17.30-18.30. Ta gjerne med kvelds og et saman med oss mot slutten av samlinga! Datoar kjem på sida «Vegen i Vaksdal» på facebook, og på plakatar. Følg gjerne facebook-gruppa «Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal» for oppdatert informasjon. Velkomen!

Tårnagethelg

29. til 31. januar vert det arrangert Tårnagethelg i Vaksdal kyrkje. Her er alle som blir åtte år dette året velkomne. Ein har fyrst ei samling på dagtid laurdag, der ein blant anna skal gjennom ei tårnagentløype, få agentbevis rundt halsen, bli delt inn i grupper og gjera ulike oppgåver samtidig som ein blir kjend med kyrkja. Sjølv sagt står ein tur i kyrkjetårnet også på planen! Sundagen er det tårnagentgudsteneste der tårnagentane bidreg med noko dei har førebudd dagen før.

Tankar frå trusopplæraren

Det sviv så mange forventningar i lufta på denne tida. Forventningar frå innsida, til dømes basert på erfaringar frå tidlegare advents- og juletider. Og dermed også både gode og vonde.

Gode forventningar handlar gjerne om presangar, baking, velsmakande mat og drikke, vera saman med familie, tradisjonsrike aktivitetar, kyrkjebesøk med ro i sjela, snøleik og klare stjernenetter.

Vonde forventningar kan handla om sagn etter familie-medlemar som er borte, depresjonar som gjerne er sterkast gjeldande i den mørkaste tida, konstante bekymringar pga. dårleg økonomi, ein kropp som ikkje spelar på lag, mangelen på menneske rundt som ser ein, og så bortetter.

Spesielt dei vonde forvent-

ningane kan det vera viktig å snakka med nokon om. Det kan gjera litt mindre vondt om ein berre får sett ord på det, til nokon som lyttar.

Det er sjeldan slik at noko er berre godt eller berre vondt. Slik er det vel med jula òg. Noko av det vanskelegaste kan vera forventningane som kjem frå ut-sida. Presset ein kan føla på om aktivitetar ein må gjera, presangar ein må kjøpa, tradisjonar ein må fylgja, som eigentleg strir mot det ein eigentleg orkar eller vil sjølv.

MÅ ein senda standardiserte, obligatoriske julekort til alle rundt seg (det eine biletet der alle faktisk såg i kamera og smilte samstundes...)? Eller kan ein velja seg ut to-tre menneske som ein sender lengre, personlege kort til, med si eiga handskrift og sine egne jule-tankar?

MÅ ein baka sju sortar julekaker, der ein veit at halvparten blir hive i januar, eller kan ein baka dei to sortane som ein faktisk likar godt? MÅ ein i alle «ørten» julebesøka, eller kan ein velja seg nokre dagar som ein set av til å halda sofaen og sjå julefilm og berre kvile litt?

Eg slår eit slag for jule-kviling, eg! Det passar jo ekstra i år, når mykje uansett må avlysast på grunn av smittevernomsyn. Og så slår eg eit slag for å droppe nokre av tinga ein føler ein må, men eigentleg ikkje får så mykje ut av. Og heller prioritera ekstra dei tinga som gjev ein glede og ro.

Ein viktig ting som skapar glede, er å gjera noko for andre. Kanskje du kjenner nokon som du veit har det vanskeleg, og som du ikkje har hatt kontakt med på ei stund. Send ei melding då, eller ta ein telefon, og

høyr korleis det går? Spesielt i denne tida, kan mange kjenna på einsemd.

Det skal ikkje alltid så mykje merksemd til frå menneske ein er glad i, for at ein føler seg litt meir sett og hugsa og verdsett. Kan borna teikna ei teikning eller laga ein engel eller eit hjarte av eit eller anna hobbymateriale, og senda i posten til nokon som treng ei oppmuntring? Det er aldri feil å visa at ein bryr seg!

Ha ei god og varm jul i vente!





JULEAKTIVITETAR FOR BORN

VITSAR

Å fortelja vitsar får opp stemninga viss de er litt trøyte oppi alt julestyret. Kanskje du kan lære deg desse utanat, og fortelja til familien din?

- Veks du framleis, pappa?
- Kvifor spør du om det?
- For hovudet ditt stikk opp av håret!

To sneglar heldt på å kryssa ein aude landeveg. Brått ropa den eine: - Skund deg, spring! Det kjem ein buss om fire timar!

Kva heiter ungane til ålen?
Barnåler.....

- Off, sa Karoline, kvifor må me eigentleg læra oss engelsk?

Læraren: - Jo, Karoline, det er fordi halve verda snakkar engelsk!

Karoline: - Men er ikkje det nok, då?

- Onkelen min er blitt rik på grunn av andre sine feil, sa Tove.
- Kva driv han med?, spurde Ole
- Han eig ein viskelærfabrikk!

FINN JESUSBAMSEN

Jesusbamsen har gøymd seg fem stadar i bladet. Finn du ut kva sider han har gøymd seg på?

Skriv sidetala du finn bamsen på, og send på e-post til vegen.vaksdal@kyrkja.no innan 31.desember, så trekkjer eg ut ein vinnar som får premie i posten i januar!



Julequiz med premie

Svar på spørsmåla, og vinn ein premie!

- 1.Mora til Jesus satt på eit dyr då dei reiste til byen Jesus blei fødd i. Kva dyr sat ho på?
A: eit esel B: ein kamel C: ein elefant
 - 2.Kvar blei Jesus fødd?
A: på ei øy B: i ein stall C: i ein garasje
 - 3.Kva by blei Jesus fødd i?
A: Betlehem B: Bergen C: Berlin
 - 4.Kva låg Jesus i etter at han var fødd? A: ei barnevogn B: ei korg C: ei krybbe med høy som eigentleg var til dyra
 - 5.Kva heitte foreldra til Jesus?
A: Edvard og Kari B: Erna og Jonas C: Maria og Josef
 - 6.Kven fylgde ei stjerne for å finna Jesusbarnet?
A: Dei tre små røvarar B: Dei tre vise menn C: Dei tre bukkane bruse
 - 7.Kven song for gjetarane, og fortalde at Jesus var fødd?
A: englane B: Kristin C: eit kyrkjekor
 - 8.Kva var ekstra spesielt med Jesus?
A: Han var fødd med ein ring over hovudet
B: Han var sonen til Gud
C: Han kunne snakka med ein gong han vart fødd
 - 9.Korleis sluttar songtittelen? Så går vi rundt om....
A: ...et gammelt bjørketre
B: ...en stor sekk med ved C: ...en enebærbusk
 - 10.Korleis sluttar songtittelen? Det lyser i....
A: ...alle vindu B: ...stille grender
C: ...Dale kyrkje
- Send svara dine på e-post til vegen.vaksdal@kyrkja.no innan 31.12, så trekkjer me ut ein vinnar som får premie i posten i januar.



LAG EIN ENGEL



Englar er fine som julepynt. Du kan fint laga deg ein engel sjølv, på ulike måtar, av ting du har heime! Her er bilete av to englar som nokon har laga, den eine av ein papptallerken, den

andre av gamle noteark. Du finn mange måtar å laga englar på, med framgongsmåtar, om du søker på internett. Kanskje du kan få hjelp av ein vaksen til å finna ein engel å laga, på

til dømes nettsida/appen Pinterest? Eller kanskje du kan finna din heilt eigne måte å laga engel på? Om du vil, kan du senda bilete av engelen din på e-post til vegen.vaksdal@kyrkja.no.

no. Då trykkjer me kanskje biletet i neste kyrkjeblad, og du får ein liten premie! Kanskje du kan gje engelen din til jul til nokon du er glad i? Bileta er lånt frå resursbanken.no.



Her er ei teikning av julekrybba som du kan fargeleggje!

Minnegudsteneste Nyårsaftan

Tradisjonen tru vil me halde minnegudsteneste i år òg, innafor smittevernreglane. Difor vert gudstenesta flytta dette året frå Stamnes til Dale kyrkje. Gudstenesta har me tidlegare år halde kl. 16, men i år vil ho vere kl. 15.

Me innbyr pårørande til alle som har mist nokon dette siste året, til å kome på ei minnegudsteneste Nyårsaftan. Det gjeld altså dei som har hatt gravferd eller bisetjing i ei av dei sju kyrkjene i Vaksdal kommune. Det er i desse tider viktig å halde naudsynt avstand til kvarandre, der berre dei som er i same kohort sit tett saman. Det ville då vere umo-

geleg å få til i Stamnes kyrkje. Me treng benkeplassen som er i Dale kyrkje.

Gudstenesta som i form er enkel, har lesing av namna som ein hovuddel. Dei vert leste ut ifrå kva kyrkje dei høyrer heime i. Me vil tenne ljøs for kvar ein-skild. Det er kyrkjetenar og ein medhjelpar som tenner ljosa. Så vil det vere musikk til meditasjon mellom lesingane.

Mange andre stader er minnemarkeringa lagt til Helgemesse i november. Me tenkjer at Nyårsaftan er ein god dag. Då markerast eit tidsskilje. Me tek farvel med siste året dei levde. Det er ein del av sorgprosessen hos den einskilde. Me tek minna med oss. Sorga vert ikkje mindre. Samstundes må me gå vidare i livet. Det å tenne ljøs i mørketida gjev trøyst og von. Me har

oppgåver og ansvar som me må fylla ikkje minst for dei næraste. Me får leva i ljuset til Herren med liva våre, med alle vår sorg og sut, men og med ny glede.

Me vil sende ei jolehelsing til dei pårørande. I år er det naudsynt òg at de er merksame når det nærmar seg. Me ynskjer at så mange som mogeleg skal finna plass i kyrkja innafor dei reglane me må halde oss til. Så veit me at mange dette året kjenner på ei dobbel sorg, då det ikkje var mogeleg for alle

å vere så nær dei kjære som ein gjerne hadde ynskt den siste tida dei levde. Mange har kjensler kring dette som det kan vere godt å leggje fram i bøn på denne dagen.

Me ynskjer ei fredfull advents- og jolehøgtid for dykk alle.

Helsing
Edvard Bø



Konfirmantjubilantar

I år var det berre på Dale det var konfirmantjubiläum. Sokneråda på Stamnes og Vaksdal valde å utsetje desse jubilea til neste år grunna den usikre korona-situasjonen. På Dale var 50- og 60-årsjubilantane samla til gudsteneste og fest i bedehuset søndag 18. oktober.



Konfirmerte i Dale kyrkje 25. september 1960:

1. rekkje frå venstre: Karin Kvernes, Karin-Johanne Berge Rosvold
2. rekkje: Nils D Elde, Jon Arne Hesjedal
3. rekkje: Johannes Arne, Kjetill Vatle, Asbjørn Hvidsten, sokneprest Frode Kvamsøe



Konfirmerte i Dale kyrkje 19. april 1970:

1. rekkje frå venstre: Gunnar Øpstebø, Anneli Vatle Lilletvedt, Bjørg Jakobsson, Arne Normann.
2. rekkje: Willy Pettersson, Bjørn Samuelsen, Rolf Arne Bosåen, Bjørn A.Hilland, sokneprest Frode Kvamsøe.
3. rekkje: Trygve Eikevik, Arnt Olav Ringheim, Jarle Kallestad, Rolf Hagebø.

Kjøkkenet til Dale kyrkje

Dale kyrkje har endeleg fått seg kjøkkenet! Det vesle tekjøkkenet er plassert i prestesakristiet, og vil gjere alt lettare når det skal lagast til kyrkjekaffi og servering til andre arrangement. Kjøkkenet er brukt, og er ei gåve frå nokon som skulle fornye sitt kjøkken.

Nye bord Vaksdal kyrkje

Vaksdal sokneråd har fornya Konfirmantrommet i kyrkja, ved å byte ut dei gamle borda med fire nye.

DET SKJER I BEDEHUSA:

Stanghelle bedehus

Onsdag 2. desember kl. 19.00.
Talar: Reidun Skurtveit.
Julefest! Søndag 3. januar kl. 17.00.

Flere datoar etter nyttår er ikkje klare.

Vaksdal bedehus

Alle møta er kl. 11.
Det er søndagsskule kl. 11.30

Søndag 13. desember. Talar: Ole Corneliussen
Søndag 27. desember. Talar: Asle Hetlebakke
Søndag 17. januar . Talar: Ikkje bestemt
Søndag 7. februar . Talar: Ikkje bestemt
Søndag 28. februar. Talar: Ikkje bestemt
Søndag 21. mars. Talar: Ikkje bestemt

Dale bedehus

Datoar etter nyttår er ikkje klare.



Jeg vil ikke klage. Men akkurat nå...

«Jeg har hatt et godt liv! Jeg vil ikke klage. Jeg har så mye å være takknemlig for! Men akkurat nå er Kirkens SOS den stroppen jeg holder meg fast i!». Det var natt til julaften for noen år siden. Den eldre kvinnen pratet med en av våre frivillige på telefon. Det var ingen andre å feire julen med det året.

En god prat kan gjøre oss litt mindre ensomme

Ingen av oss lever våre liv uten motgang. Noen har det tøft hele livet, mens andre har det spesi-

elt vanskelig i perioder. Verden og livet er urettferdig slik.

Den eldre kvinnen hadde hatt et godt liv på mange måter. Men akkurat nå var hun ensom og trengte å bli sett og lyttet til. Et langt liv hadde lært henne at noen ganger kan det mest håpløse snu i møte med et annet menneske. Hun var alene og ringte Kirkens SOS.

Hver eneste dag, året rundt, sitter det frivillige ildsjeler på vakt klare til å ta imot neste samtale

med deg, eller andre som trenger noen å snakke med.

Vennlighet og omsorg er de beste verktøy for vekst. Et samfunn og en kirke med vanlige mennesker som ser og holder rundt hverandre er det mest håpsbringende som finnes.

Vi ønsker deg en fredfull julehøytid.

Karl Dag Bærug,
nestleder,
Kirkens SOS Bjørgvin

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT



SOS
MELDING



KIRKENS
SOS

KYRKJA I VAKSDAL



- VEGEN I VAKSDAL (TRUSOPPLÆRINGA)
- KYRKJENE I VAKSDAL
- BERGSDALEN KYRKJE
- DALE VING

Det finst og andre sider med og om kyrkjene i Vaksdal, men dei er generert av andre, til dømes Facebook sjølv.

Nordhordland Begravelsesbyrå AS



AVD. VAKSDAL:

Ann-Elin M. Gullbrå • Tlf. 56 99 25 70

ME GÅR SAMAN MED DEG HEILE VEGEN.
PLANLEGGING - BLOMAR - GRAVSTEIN

Tlf. 56 37 14 10 • post@nordh-bb.no • www.nordh-bb.no

TOMME-
STOKKEN BYGG AS

Vi har stillas
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680

ATLANTIS
VVS & INTERIØR

Din lokale Rørlegger i Vaksdal

☎ 95 97 17 00 

ARNPRO 

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

 **BKK**

- vi gir morgendagen nye muligheter

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

• Navntilføyelser • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting


STEINRIKET
DALE AS

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

SÆTERDAL
ELEKTRO

Me leverer alt innan
elektrikartenester.
Tlf. 56 59 43 00

 **SparebankenVest**
– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

 **VAKSDAL BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

Ve **vangen elektriske a/s**
AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 www.vangen-elektriske.no



Bergsdalstunet

Bergsdalstunet
56 59 89 34



tovi
Elektro

Tlf. 417 94 104
E.post: tommy@tovielektro.no



**Alt innan
tømrararbeid**

Tlf. 922 65 739
post@falkangerbygg.no



Falkanger Bygg er
forhandlar av Idehus
Sjå idehus.no



DALETEC

SLEKTERS GANG



DØYPTTE

Dale

18.10 Olav Hegge Hjelland
18.10 Bendik Vaksdal

Stamnes

20.09 Magnus Møster Skjerve
15.11 Hailey Andrea Flete Berntzen

Vaksdal

04.10 Jakob-Élias Madsen Helland
15.11 Linn Toril Nergård-Sæverud



DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Dale

| | | |
|-------|-----------------------|------|
| 08.09 | Bergljot Lekve | 1919 |
| 08.09 | Målfrid Rolland | 1940 |
| 03.10 | Henry Olsens | 1933 |
| 18.10 | Else Margrethe Kvamme | 1942 |
| 28.10 | Dennis Henry Pedersen | 1930 |

Eidsland

| | | |
|-------|----------|------|
| 24.08 | Odd Nese | 1937 |
|-------|----------|------|

Eksingedalen

| | | |
|-------|---------------|------|
| 13.09 | Selma Eikefet | 1927 |
|-------|---------------|------|

Stamnes

| | | |
|-------|----------------|------|
| 14.10 | Arnljot Møster | 1938 |
|-------|----------------|------|

Vaksdal

| | | |
|-------|--------------|------|
| 17.09 | Berit Rørvik | 1934 |
|-------|--------------|------|

Atterhald om endringar grunna pandemien. Sjå heimesida vår, lokalavisene og oppslag for eventuelle endringar. **Les meir om gudstenestene på side 5.**

VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 29. november - 1. søndag i adventstida

Ikkje lysmesse på Vaksdal og Stamnes 29/11.
DALE KYRKJE kl. 20.00. Lysmesse. Kvamsøe og konfirmantane.

Laurdag 5. desember

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 15.30. Lysmesse. Kvamsøe og konfirmantane m. fl.

Søndag 6. desember - 2. søndag i adventstida

EIDSLAND KAPELL kl. 15. Lysmesse. Bø og konfirmantar.

Søndag 13. desember - 3. søndag i adventstida

BERGSDALEN KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse.
Kvamsøe og konfirmantane m. fl.

Søndag 20. desember - 4. søndag i adventstida

Ingen gudsteneste i Vaksdal.

Torsdag 24. desember - Julaftan

NESHEIM KYRKJE kl. 12.00. Julegudsteneste. Bø

STAMNES KYRKJE kl. 12.30 og 13.30. Julegudsteneste. Kvamsøe.
DALE KYRKJE kl. 15.00 og 16.00. Julegudsteneste. Kvamsøe
VAKSDAL KYRKJE kl. 15.30 og 16.30. Julegudsteneste. Bø

Fredag 25. desember - Juledag

VAKSDAL KYRKJE kl. 12.00 (Merk tida).
Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal, Dale og Stamnes sokn. Bø og Kvamsøe. Nattverd. Forsongarane møter kl. 11.00.

Laurdag 26. desember - 2. Juledag

BERGSDALEN KYRKJE kl. 12.00 (Merk tida). Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe.

Torsdag 31. desember - Nyårsaftan

DALE KYRKJE kl. 15.00. Minnegudsteneste, felles for heile Vaksdal. Bø.
VAKSDAL KYRKJE kl. 23.15. Midnattsmesse. Bø.

Onsdag 1. januar - Nyårsdag

Ingen gudstenester i Vaksdal.

Gudstenestelista fortset på neste side >>



VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 3. januar - Kristi openberringsdag

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Søndag 10. januar - 2. søndag i openberringstida

EIDSLAND KAPELL kl. 11. Gudsteneste. Bø. Nattverd.

VAKSDAL KYRKJE kl. 18.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.

Søndag 17. januar - 3. søndag i openberringstida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.

NESHEIM KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.

Søndag 24. januar - 4. søndag i openberringstida

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe.

Nattverd.

DALE KYRKJE kl. 16.00. Gudsteneste. Kvamsøe Nattverd.

Søndag 31. januar - Sámannssøndagen

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste /

Tárnagenthelg. Audestad og Bø. Nattverd.

Søndag 7. februar - Kristi forklaringsdag

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste.

Bø. Nattverd.

Søndag 14. februar - Fastelavnssøndag

DALE KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste /Lys Vaken-helg.

Kvamsøe. Nattverd..

Søndag 21. februar - 1. søndag i fastetida

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.

STAMNES KYRKJE kl. 18.00. Gudsteneste.

Bø. Nattverd.

Søndag 28. februar - 2. søndag i fastetida

BERGSDALEN KYRKJE kl. 16.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Søndag 7. mars - 3. søndag i fastetida

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

STANGHELLE BEDEHUS kl. 16.00. Familiegudsteneste. Kvamsøe.

Nattverd.

Søndag 14. mars - 4. søndag i fastetida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Søndag 21. mars - Maria bodskapsdag

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.



Bunad og stakkastovo as

*ny bunad**omsom**bunadsøle**tilbehør**Ring for avtale 56 19 18 00**Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfjøsken**www.bunadogstakkastovo.no*